

Stad:	Auditoriet i Vigdartun
Tid:	Klokka 1800 til 1930 + ettermøte til om lag klokka 2000 med nokre få deltakarar
Frammøtte:	22 personar, mellom desse Bror Eriksen frå Sveio Næringsforum og Arild Frøkedal, leiar i hovudutval teknisk/næring (HTN)
Frå kommunen:	Varaordførar Jarle Jacobsen, kommunalsjef Kenneth Tollefsen, rådgjevar og prosjektleiar Åse Aleheim, seniorrådgjevar Geir Ragnhildstveit (Medlem av arbeidsgruppa for planen og skrivar i dette møtet)

INNLEIING OG PRESENTASJON AV ARBEIDET

Jarle Jacobsen leia møtet og ynskte velkomen. Han var komen inn i ordføraren sitt fråvær. Jacobsen gjekk gjennom ein 24 sider lang presentasjon på skjerm (Powerpoint) som var laga av prosjektleiar Åse Aleheim. Han held fram at Sveio sentrum er viktig for heile Sveio kommune, òg for bygdene utanfor sentrum. Det var derfor ynskjeleg med innspel frå alle bygder og folk i heile kommunen.

Det var ein del spørsmål og kommentarar under presentasjonen og etter presentasjonen var ferdig. Kommunen sine folk svarte stort sett etter kvart.

SPØRSMÅL, KOMMENTARAR OG SVAR

Her vert spørsmåla og svara nemnde, men det er ikkje nemnt kven som spurde. Punkta er sette opp nokolunde kronologisk. Prosjektleiaren svarde på dei fleste spørsmåla og kommunalsjefen på somme.

- Det var litt diskusjon om fylkesgrensa og om å høyra til Hordaland og ikkje til Rogaland, og at det hadde vore greiast å laga sentrumsplan utan fylkesgrensa i sør
- Jordbruksplan vart etterlyst
- Det vart stilt fleire spørsmål om medverknad og involvering. Nokre meinte det var kort høyringsfrist og uheldig at høyringsperioden var no om sommaren, særskilt med tanke på organisasjonar og lag. Det vart mellom anna etterlyst webløysing (Webskjema) for innspel.
 - Svar, Åse: Det er kickoff i dag. Seinare vert det workshop det går an å melda seg på. Fristen var sett no for å kunna få vedteke oppstart og planprogram så tidleg som råd til hausten slik at arbeidet med planen kan koma raskt i gong. Seinare vert det viktig å få med alle grupper. Me må ikkje minst hugsa barn og eldre.
- Pendlarbuss vart nemnt og at Rogaland fylkeskommune hadde avvist slik til Sveio sentrum
- Det var peika på at skulen kunne verta for liten
 - Svar, Kenneth: Ser på utviding av skulen
 - Svar, Åse: Ser på folketalsutvikling, demografi og framskriving av tal barn i ulike aldrar
- Det vart peika på at det var dårleg samarbeid over kommune- og fylkesgrensa å satsa på skular både på Saltveit og på Vikse
- Ein deltakar meinte barnehage måtte koma fyrst
- Det vart etterlyst gode sykkel- og gangveggar, òg utanfor Sveio sentrum
- Det var etterlyst stikkveg frå Nygård til Sveio sentrum
 - Svar, Åse: Statens vegvesen har signalisert at dei snart vil starta opp planarbeid for sørlege del av fylkesveg 6. Det er naturleg at dette spørsmålet kjem med der.
- Det vart spurd om Vikingland var med i planen
 - Svar, Åse: Om Vikingland vert med i kommunedelplanen for sentrum vert avklara i konsekvensutgreiinga (KU-en). Det vert laga områdeplan for Vikingland. Me legg til grunn at Sveio sentrum vil veksa, òg utan Vikingland.

- Det vart peika på at ny firefelts veg med to eller tre avkøyringar i Sveio ville koma om nokre år og at nytt kryss på Haukås måtte med i planen. Det vart elles peika på at trafikken her er svært stor og såleis òg potensialet for å få noko til.
 - Svar, Åse: Planarbeidet startar truleg i 2016. Å ta stilling til arealbruk rundt veg og kryss vil høva best for kommuneplanen. No er det viktig å konsentrera seg om sentrum.
- Elles vart det sagt at planen måtte peika lenger framover, kan henda til 2040. Då kan Sveio ha vakse saman med Haukås. Det vart elles peika på at voksteren må vera ut frå Sveio sentrum.
 - Svar, Åse: Ja det er viktig å sjå langt fram. Planen er tenkt å ha lengde som er vanleg for slike planar. Men ting som ikkje kjem inn i planen vil vera noterte og vert med i bakgrunnen, som ein slag skyggeplan.
- Det vart sagt at det er bra med plan som ikkje fører til tilfeldige avgjerder og at nødvendige endringar kan takast med ved endring av plan
 - Svar, Åse: Kommunen kan ta opp planen når me vil. I starten av ny valperiode skal det lagast planstrategi som peikar på kva planar som skal lagast eller takast opp att.
- Fleire var inne på Salamanderparken og det manglande vedlikehaldet og bossryddinga («Ei skam»). Det vart òg sagt at parken var dårleg utnytta og at det burde gjerast meir ut av den.
 - Svar, Kenneth og Åse: Salamanderparken skal liggja mest mogleg urørd og naturleg. Men vedlikehaldet har vore altfor dårleg og det er kommunen i gong med å gjera noko med. Kommunen vil ta opprydding og ser på samarbeidsløysingar med andre, mellom andre skulen.
- Det vart sagt at ein måtte vera medviten på grøntområde og grønne lunger, og at det burde vera eit samanhengande grønt drag til golfbanen. Lengre turløyper, blant anna austover langs Vigdarvatnet, vart òg nemnd.
 - Svar, Åse: Me må rekna med at det vert bygd meir konsentrert. Det vert då viktigare å ha med dei grønne verdiane i planlegginga.
- Det var for lite parkeringsplassar i sentrum og det vart vist til Sveio-dagane
- Det vart spurt om det er andre freda område og område som ikkje skal rørast i tillegg til Salamanderparken
 - Svar, Åse: Mannavatnet og Bjellandsvatnet er freda som naturreservat
- Melkeneset og gangstig fram vart nemnd
- Trafikksikring og Sveio sentrum i trafikksikringsplanen vart nemnd
 - Svar, Åse: Trafikksikring er viktig og det er fleire trafikksikringsutfordringar, særskilt med tanke på barn
- Sveio sentrum har sjans til å gjera seg attraktiv ved blant anna meir handel og badeland, og å stå fram som eit trygt sentrum. Haugesund sentrum gjer mykje for å verta meir attraktiv medan Aksdal er uheldig og strevar med fjellsider, vegar og dårleg planlegging.
- På slutten kom det fram noko uro for medverknad og involvering utover i planprosessen. Det vart spurd om workshopen og når ein kunne koma med innspel. Arild Frøkedal sa at politikarane og hovudutval teknisk/næring gjerne tok imot innspel. Bror Eriksen sa at Sveio næringsforum òg gjerne vil ha innspel.